

# MEDDELELSE

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 2.

April 1926

24de årgang.

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, torvingeniør J. G. Thaulow.

### HAVRE OG BYGG PAA MYRJORD

Resultat av sortforsøk ved Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon  
paa Mæresmyra 1915—1924 (9 aar).

Av myrkonsulent Hans Hagerup.

SORTFORSØK med havre og bygg er utført alle aar sidan forsøksstasjonen byrja arbeidet i 1908. Utfallet av forsøka fyre 1915, er gjort kjennt i meldingarne for 1908, 1909 og 1913—1914 som eg viser til. For dei aar det her skal gjerast greide, har havre- og byggfelta lege paa same slag myr, faatt same gjødsling og jorda er arbeidt likeeins. I tab. 1 er opført dyrkingsalderen av myra, korleis gjøds-

Tab. 1. Dyrkingsalder av myra og gjødsling dei enkelte aar til havre og byggfelta 1915—1924.

Aar	Aar etter opdyrkninga	Gjødsling i kg. pr. dekar:			Merknad
		Fosfat-gjødsel	Kaligjødsel	Kvæve-gjødsel	
1915	Nybrote myr	100 tomasfosf.	25 (37 %) kalisalt	15 norgesalp.	5 lass husdyrgj.
1916	3 aar	40 superfosf.	20 ——	8 sv.samm.	
1917	4 »	20 ——	15 ——	15*) salpeter	*) Berre til havre
1918	5 »	15 ——	15 ——	10 ——	
1919	Nybrote myr	70 ——	50 (20 %) kalisalt	20 ——	
1920	2 aar	30 ——	50 ——	20 ——	
1921	Nybrote myr	60 ——	20 (40 %) kalisalt	18 ——	
1922	2 aar	20 ——	20 ——	15 ——	
1923	9 »	20 ——	20 ——	0 ——	
1924	10 »	15 ——	15 ——	5*) ——	*) Berre til bygget

linga har vore dei enkelte aar. Dei fleste aar har desse felt lege paa nybrote eller litet molda grasmyr, og berre 2 aar, 1923 og 1924, paa godt molda myrjord som ikkje har trengt tilføring av kvæve, alle aar paa kalkrik myr med eit djup fraa 0,5 m. til 1,2 m.

Nybrote myr har faatt 60—70 kg. superfosfat pr. dekar, av tomas-fosfat 100 kg. naar det er bruka. Dei seinare aar som regel 15 à 20 kg. superfosfat. Av kaligjødsel er gjeve fraa 15 til 25 kg. 40 % kali-salt pr. dekar, og av kvævegjødsel 15—20 kg. salpeter pr. dekar til nybrote og litet molda myr, til godt molda myr er salpeteren sløysa. Husdyrgjødsel er gjeve berre eit aar, nemleg i 1915: 5 lass pr. dekar. Rutestorleik:  $(5,5 \times 6)$  m.<sup>2</sup> saarute og  $(5 \times 5)$  m.<sup>2</sup> hausterute. Av samrutor er bruka 3 og enkelte aar 4.

## V rtih va under fors kstida.

Oversyn over nedburd og varmesum i veksttida for forsøksaara er gjeve i tab. 2 og 3. I veksttida, mai—september, har nedburden i alle aar staatt over det normale. Serleg har det vore rikeleg med regn paa fyresumaren, i maanaderne mai og juni. Juli, august og september har og hatt meire regn enn normalt. For dei enkelte aar er det stor skilnad paa nedburden, nokre aar har uvanleg høge tal (1921), medan andre har umlag normal nedburd (1920). Ein bør merke seg at i august og september er det normalt burtimot dubbelt so mykje regn, som i mai og juni. Den rikelege nedburd, og serleg fordelingen av denne under hausting og innberging, har mykje innverknad paa resul-

Tab. 2. Nedburden i aara 1915—1924 maalt i Steinkjer 1915—1921, ved Forsøksst. 1922—1924.

Aar	Mai mm.	Juni mm.	Juli mm.	August mm.	Sept. mm.	Mai- sept. mm.	Meire mindre enn nor- malt
1915 . . . . .	46	43	93	117	42	341	+ 43
1916 . . . . .	60	55	144	75	86	420	+ 122
1917 . . . . .	55	81	65	56	170	427	+ 129
1918 . . . . .	41	114	46	98	82	381	+ 83
1919 . . . . .	20	124	30	107	163	444	+ 146
1920 . . . . .	58	79	88	52	38	315	+ 17
1921 . . . . .	120	97	97	109	120	543	+ 245
1922 . . . . .	81	78	35	70	80	344	+ 46
1923 . . . . .	80	82	72	52	165	451	+ 153
1924 . . . . .	49	72	51	146	68	386	+ 88
Normal nedburd .	38	43	61	78	78	298	
Medeltal 1915-24	61	82,5	72,1	88,2	101,4		
	+23	+39,5	+11,1	+10,2	+23,4		+107,2

Tab. 3. *Oversyn over varmesumarne i dei enkelte forsøksaar.*

Aar	Mai	Juni	Juli	August	Sept.	Mai— September	Mai— august	Merknad
1915 . . . . .	180	291	440	431	234	1576	1342	Observera ved Steinkjer
1916 . . . . .	260	375	481	372	243	1731	1488	— » —
1917 . . . . .	208	432	412	558	382	1992	1610	— » —
1918 . . . . .	270	358	521	440	301	1890	1589	— » —
1919 . . . . .	360	360	468	350	279	1817	1636	— » —
1920 . . . . .	341	360	474	388	303	1866	1563	— » —
1921 . . . . .	264	300	372	375	264	1575	1311	— » —
1922 . . . . .	223	307	445	369	216	1560	1344	Obs. ved Forsøksst.
1923 . . . . .	170	205	406	346	224	1351	1127	— » —
1924 . . . . .	184	284	457	415	241	1581	1340	— » —
Normal varmesum	229	360	442	422	288	1741	1453	Etter obs. v. Steinkjer

tata av kornforsøka. Ein rikeleg nedburd paa fyresumaren gjer ikkje noko skade, naar det berre er varme nok attaat.

For samanlikning millom kornsdrag med ulik lang veksttid, vil dei tidlege slag som oftast faa betre innberging, og ein vil faa korn med mindre vatsinnhald. Dei seine slag vert turka under laagare temperatur, og ofte ogso utsett for meire nedburd, so kornet vil verta noko vatsrikare i samanlikning med dei tidlege. I enkelte, serleg seine aar, kjem av denne grunn dei seinste slag til aa staa noko for godt i forhold til dei tidlege. Dette er tilfellet i 1915 og 1919, men enndaa meire i 1921 og 1923 som var uvanleg seine aar. (Aaret 1921 er heller ikkje med i resultatet fråa havreslagforsøka, daa berginga var uvanleg daarleg). Dei andre aar har berginga vore god for alle slaga. 1924 har høg nedburd for august maaned, men ca. 90 mm. av denne fall paa eit døger.

Heilt rett resultat av slike forsøk vilde ein fyrst faa, naar det vert utført analyse over vatsinnhaldet i korn og halm, og rekna om avlingstala til sams vatsptc.

I temperatuoversynet i tabel 3, er berre oppført varmesumen for vekstmaanaderne. Denne er utrekna paa grunnlag av maalingar ved Steinkjer aara fyre 1921, daa vi ikkje har fullstendige observasjonar for dei aar ved forsøksstasjonen. (Steinkjer ligg ca. 10 km. fråa stasjonen). For aara 1922—1924 er varmesumen utrekna etter maalingar paa Mæresmyra. Det vil straks falla i augo at varmesumen er laagare paa Mæresmyra enn ved Steinkjer, sjølv om det her er ymse aar det gjeld. Men for 1922 har vi medeltemperaturen baade for Steinkjer og Mæresmyra, og varmesumen i det aar stiller seg slik i vekstmaanaderne mai til og med august:

	Mai	Juni	Juli	August	Sum
Steinkjer 1922 . . . . .	251	360	484	422	1517
Mæresmyra 1922 . . . . .	223	307	445	369	1344
Steinkjer høgre varmesum . . . +28	+53	+39	+53	+173	

Som ein ser har Steinkjer i 1922 hatt 173 større varmesum enn Mæresmyra i mai—august. Grunnen til dette er vel den at minimumstemperaturen er mykje lågare her enn ved Steinkjer, dagtemp. er det venteleg ikkje stor skildnad paa. Varmesummarne som er oppført i tabellen er etter dette truleg noko for høge for Mæresmyra.

I 3 av forsøksaara har det vore for lite varme til å driva dei seine sortar fram til full mogning, nemleg 1915, 1921 og 1923. Det gjeld serleg dei seine havreslag, men også dei aller seinste byggslag har det vore noko knapt att. I 1922 var det også noko lite varme, men alle havre- og byggslagar vart fullmoge, og grunnen var vel nermast den, at aakeren var svert tunn, inga legde, og litet regn under mogningsa. Aaret 1919 har høg varmesum, men daa vart ikkje dei seinste havreslag fullmoge. Det var for mykje regn under mogningsa og dessutan mykje legde som var grunnen.

### FORSØK MED ULIKE HAVRESLAG

Det er ialt samanlikna 16 slag, men alle har ikkje vore med i alle forsøksaara. Som fyrr nemt er resultatet for 1921 ikkje medteke for havreslaga, daa innberginga vart for daarleg for alle. Fraa 1915 til og med 1924, 9 aar, har desse 8 slag vore med: *Tønder* (fraa Mære jordbrukskole) *Gullregn*, *Tor*<sup>\*)</sup> (0207), *Odin*<sup>\*)</sup> (0200), *Grenader*<sup>\*)</sup> (34), *Perle*<sup>\*)</sup> (160), *Duppauer* og *Mesdag* (svartkorna). Fraa 1915 til 1920 var desse med: *Snaasahavre* (trønderstamme), *Storm King*, *Klokke II*, *Svart skotsk* og *Tysk myrhavre*. Dei tri sisste er svartkorna. Dessutan var, *Yielder* med i 2 aar (1919 og 1920), *Nidar*<sup>\*\*)</sup> og *Odal-havre* dei 3 sisste aar, 1922—1924. Naar so mange som 5 gjekk ut av forsøka i 1922, so har det sin grunn i at vi i 1921 ikkje fekk brukande saakorn og nytta saakorn av slaga maatte skaffast i 1922. Daa det var vandt aa faa tak i det av alle, let vi ein del gaa ut og serleg daa slike som ikkje viste seg aa ha nokon utprega eigenskap i nokon retning, framum andre som var med. Sidan 1922 har vi altid dyrka havreslaga paa fastmarksjord og, for aa vera sikker paa aa faa heilt godt saakorn til kvart aar. Det er ikkje so sjeldan at dei seine havreslag vert skadde av frost, so spireevna vert sterkt nedsett.

<sup>\*)</sup> Norsk foredling ved prof. dr. Christie, ledar av forsøkgarden Møystad 1905—1919.

<sup>\*\*)</sup> Norsk foredling ved forsøksledar Glærum, ledar av forsøkgarden Vold 1910—1919.

### Korn- og halmavling

av dei ymse slag for dei enkelte forsøksaar er framstilt i tabel 4. Det er utrekna 2 medeltal, eit for 1915—20 (6 aar), for samanlikning millom dei som daa var med, og eit for 1915—24 (9 aar) for dei som var med so lenge. Ved aa rekna ut forholdstal for alle slaga til eit visst slag som mælestav i dei same aar, vilde det verta rett for dei enkelta slag i forhold til mælestaven, men ikkje millom dei andre seg i millom. Difor er heller vald aa rekna ut to medeltal.

*Torshavre* har gjeve den største medelavling av korn av dei prøvde slag baade dei 6 første aar — 235 kg. korn — og alle 9 forsøksaar 240 kg. korn. Avlingane har variera ganske mykje, traa 157 kg. i 1920 og til 351 kg. i 1916. Liknande svingningar vil ein finne hjaa dei andre slag i dei enkelte aar. Grunnen til dei sterke svingningar ligg vel for størsteparten i dei ulike vertilhøva i dei ymse aar, men og noko i det at jorda som felta var lagt paa, ikkje har vore i like god kultur. I 1920 og 1922 er det berre harva paa halmstubben, daa det var nybrote myr aaret fyreat. (Sjaa tab. 1).

*Trønderhavre* kjem omlag like godt som Tor for alle 9 aar, med 238 kg. korn pr. dekar, men for dei 6 første med 213 kg. Det er dei 2 siste aar som dreg denne so langt fram i medelavkastnad. Begge desse aar 1923 og 1924 har gjeve høge kornavlingar av dei halvtidlege slag.

*Duppauer* staar som nr. 2 for dei 6 første aar med 223 kg. korn og som nr. 3 for alle 9 aar med 228 kg. korn. Dette slag har gjeve jamne avlingar i dei fleste forsøksaar.

*Gullregn*, *Odin* og *Grenader* staar ganske likt i avling dei 6 første aar, i same fylgd: 204, 202 og 199 kg. korn pr. dekar, og i medel for alle 9 aar: 227, 224 og 212 kg. Desse har saman med dei andre halvtidlege slag gjeve serleg store avlingar i dei 2 siste aar. I 1924 vart kornet fullmøge og svert godt berga av alle tri, men i 1923 naadde dei ikkje full mogning og berginga av dei var svert daarleg. Det same gjeld dei andre havreslag med omlag same veksttid. Avlings-tala er noko for gunstige for desse, baade for korn og halm, i forhold til dei tidlege slag, som fekk betre berging og difor turrare korn og halm.

Dei andre halvtidlege slag har berre vore med dei 6 første aarar. Av desse staar *Klokke II*, som er eit foredlingsprodukt fraa Svalø liksom Gullregn, best, med 210 kg. korn pr. dekar og kjem like ette. Trønder.

*Snaasahavre*, som er ein trønderstamme og gaar for aa vera noko tidlegare enn alm. Trønder, staar omlag likt med Trønder i kornavling, har gjeve 5 kg. korn mindre enn denne i medelavl for dei 6 aar. Etter dei oplysninga eg har faatt, er ikkje slaget kome direkte fraa Snaasa til Mæremyra, men fyrst til ein gard paa Sandvollan, ei nabobygd til Sparbu, og var fyrst dyrka der nokre aar. Derifraa har det

Tab. 4. Korn, halmavling og veksttid hjaa dei ymse havreslag, prende ved Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon paa Mæresyra 1915—1924.

Aar	Trønder			Snaasa			Gullregn			Torshavre			Odinshavre			Grenader		
	Kg. pr. maal		Halm Korn															
	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Halm	Korn															
1915 . . .	172	584	124	184	632	124	226	720	124	173	493	120	162	541	128	152	584	128
1916 . . .	253	337	117	230	330	112	244	316	126	351	399	122	282	358	122	269	371	122
1917 . . .	239	331	111	222	298	111	172	298	117	219	281	109	204	326	117	202	328	117
1918 . . .	244	406	118	251	399	118	240	490	120	246	364	118	269	421	122	275	435	122
1919 . . .	191	436	132	199	435	132	189	531	132	263	403	128	161	492	132	161	539	132
1920 . . .	178	342	122	130	303	121	152	361	122	157	303	116	136	284	122	137	323	122
1921 . . .	180	310	121	—	—	—	184	306	124	163	224	119	183	267	123	179	281	125
1922 . . .	357	790	143	—	—	—	304	776	148	302	638	140	300	673	148	237	830	148
1923 . . .	330	483	125	—	—	—	335	425	132	285	288	115	315	365	132	293	334	132
Medeltal 1915—																		
1920 (6 aar)	213	406	121	208	400	120	204	453	124	235	374	119	202	404	124	199	430	125
Medeltal 1915—																		
1924 (9 aar)	238	447	124	—	—	—	227	469	127	240	377	121	224	414	127	212	447	128

Tab. 4. (Forts.)

Tab. 4. (Forts.).

Aar	Tysk myrhavre			Mesdag			Yielder			Nidarhavre			Odalhavre		
	Kg. pr. maal		Vekstdøgn	Kg. pr. maal		Vekstdøgn	Kg. pr. maal		Vekstdøgn	Kg. pr. maal		Vekstdøgn	Kg. pr. maal		Vekstdøgn
	Korn	Halm		Korn	Halm		Korn	Halm		Korn	Halm		Korn	Halm	
1915 . . . . .	214	464	116	218	464	116	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1916 . . . . .	220	270	105	242	258	105	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1917 . . . . .	178	262	103	173	238	103	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1918 . . . . .	231	359	101	255	385	101	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1919 . . . . .	238	381	117	259	407	117	134	448	132	—	—	—	—	—	—
1920 . . . . .	167	266	111	145	248	111	141	246	122	—	—	—	—	—	—
1922 . . . . .	—	—	102	218	109	—	—	—	126	224	109	138	252	125	—
1923 . . . . .	—	—	—	209	631	126	—	—	—	154	566	122	280	774	148
1924 . . . . .	—	—	198	242	113	—	—	—	255	275	106	286	334	128	—
Medeltal 1915— 1920 (6 aar).	208	334	109	215	333	109	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Medeltal 1915— 1924 (9 aar).	—	—	—	200	343	111	(138	347	127)	(178	355	112)	(201	453	134)



Fig. 1. Perlehavre 1925, ved Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon på Mæresmyra.

so kome til forsøksstasjonen. Som det seinare vil verta omskreve har dette slag ikkje vore noko tidlegare enn Trønder (Mære) i forsøka vaare.

Storm king og Svart skotsk har gjeve dei minste medelavlingar av korn, i same fylgd: 196 og 187 kg. pr. dekar.

Av dei tidlege slag er det *Perle* og *Mesdag* som har vore med i alle 9 aar, Tysk myrhavre dei 6 fyrste. Perle har av desse gjeve den største kornavling nemleg 218 kg. pr. dekar i medeltal for 1915—20, Mesdag 215 og Tysk myrhavre 208 kg. For alle 9 aar kjem Perle med 208 og Mesdag med 200 kg. korn. Som fyrr nemt har dei halvtidlege slag gjeve større medelavling for alle 9 forsøksaar enn i dei 6 fyrste. For dei tidlege slag, er det omvendte tilfellet. Av tabellen vil ein sjaa at dei tidlege slag i 1923 har uvanleg liten kornavling i forhold til dei andre. Grunnen hertil er at det daa var so mykje smaa-fugl (sporv) som skadde kornfelta, og dette gjekk ut over dei tidlege i serleg mun, og mest dei kvite. So snart rutorne av dei tidlege slaga tok til aa merka seg ut i feltet om hausten, var det ein heil del sporv som slo seg ned der. Paa desse smaa rutor vilde slike aataak syne seg sterkt i kornutbyttet under treskinga. Halmavlingen er derimot større for dei tidlege og, i medeltal for alle 9 aar enn for dei 6 fyrste

forsøksaar. I samhøvet millom korn og halm har ein eit godt hald for at kornavlingen for dei tidlege slaga er for liten i 1923. For Perlehavre fær vi slikt samhøve millom korn og halm:

1915—1920:	korn	218	kg.,	halm	371	kg.	Samhøve:	1 : 1,70.
1915—1924:	"	208	"	"	381	"	—»—	1 : 1,83.
1923:	"	171	"	"	682	"	—»—	1 : 3,99.

Skilnaden er ikkje stor i samhøvet millom korn og halm etter medelavlingarne, men for aaret 1923 er samhøvet vidt. Ikkje for noko enkeltaar vil ein finne paa langt nær so stort sprang millom korn- og halmavling. Etter desse tal vil ein kunne rekna seg til kornavlingen for Perle i 1923, dersom inkje var kome burt (ca. 375 kg. pr. dekar). For dei andre tidlege slag er det same tilfellet som for Perle det aaret. Den svartkornige Mesdag berga betre enn dei kvite. Sporven kann øydeleggja heilt resultatet av enkelte slag paa eit felt, eg har likevel teke med dei avlingstal vi har faat, for utrekning av medeltal.

*Yielder* har berre vore med i 2 aar, 1919 og 1920, som begge aar gav smaa avlingar. Av alle prøvde slag har har denne sort gjeve den minste avling i desse 2 aar.

*Nidar* og *Odalhavre* (svensk foredling fraa Svaløf) har vi berre havt med dei tri siste aar. Dei gav i 1924 rett gode avlingar, aaret var eit godt kornaar. *Nidar* leid i 1923 same lagnad som *Perle*, sporven tok mykje av han. Dei har elles vore med for stutt tid enno.

Stiller ein slaga etter storleiken av kornavlingen vert rekka slik:

	Kg. korn pr. dekar:	Medeltal 1915—1920:	Medeltal 1915—1924:
1. Torshavre . . . . .	235	240 (1)	
2. Duppauer . . . . .	223	228 (3)	
3. Perlehavre . . . . .	218	208 (7)	
4. Mesdag . . . . .	215	200 (8)	
5. Trønder (Mære) . . . . .	213	238 (2)	
6. Klokke II . . . . .	210	—	
7. Snaasahavre . . . . .	208	—	
7. Tysk myrhavre . . . . .	208	—	
8. Gullregn . . . . .	204	227 (4)	
9. Odinhavre . . . . .	202	224 (5)	
10. Grenader . . . . .	199	212 (6)	
11. Storm king . . . . .	196	—	
12. Svart skotsk . . . . .	187	—	

Gaar vi so langt attende som til 1910 og 1908 vert det følgjande medelavlingar for dei slaga som har vore med heilt til no:

	1910—1924 (14 aar):	1908—1924 (16 aar):
Trønder (Mære) . . . . .	233 kg. korn.	224 kg. korn.
Gullregn . . . . .	226 —»—	—
Duppauer . . . . .	210 —»—	194 —»—
Mesdag . . . . .	190 —»—	182 —»—

Halmavlingen og samhøvet millom korn og halm stiller seg som nedanfor er framstiltt:

	Medeltal 1915—1920	Korn Halm	Medeltal 1915—1924	Korn Halm
	Kg.	I : 2,22	Kg.	I : 2,07
1. Gullregn . . . . .	453	I : 1,95	469	I : 2,00
2. Duppauer . . . . .	436	I : 2,16	456	I : 2,11
3. Grenader . . . . .	430	I : 2,30	447	I : 1,85
4. Odin . . . . .	406	I : 1,90	414	—
5. Trønder . . . . .	404	I : 1,92	447	—
6. Snaasa . . . . .	400	I : 2,04	—	—
7. Storm king . . . . .	374	I : 1,59	377	I : 1,57
8. Perlehavre . . . . .	371	I : 1,70	381	(I : 1,83)
9. Klokke II . . . . .	350	I : 1,70	—	—
10. Tysk myrhavre . . . . .	334	I : 1,61	—	—
II. Mesdag . . . . .	333	I : 1,55	343	(I : 1,71)

For dei halvseine slag ligg halmavlingen fraa 333 til 453 kg. pr. da. i medel dei 6 fyrste aar, noko høgre for alle 9 forsøksaar. Klokke II og Torshavre skil seg ut fraa dei andre halvseine noko i halmavling, og kjem nermast i klasse med dei tidlege, dei har i medeltal dei 6 fyrste aar gjeve 350 og 374 kg. halm pr. da. Halmavlingen hjaa *dei tidlege slaga* lig fra 333 til 371 i dei 6 fyrste og fraa 343 til 381 i medel for alle 9 forsøksaar, minste halmavl har Mesdag, mest Perle.

Naar Gullregn av dei halvseine og Perle av dei tidlege slag staar høgst i halmavkastnad, so er grunnen for ein del den at dei ikkje har vore so halmturre som dei andre. Gullregn er kjennt for aa vera vanskeleg aa faa halmturr, og Perle har det noko paa same vis. Dei er begge ganske straastive og har fin halm, so dei fell godt saman i bandet. Grenader er og noko vanskeleg aa faa turr men har grovere halm.

Yielder har gjeve ein halmavling som Tor. Odal som Odin og Nidar omlag som Mesdag.

### Veksttidia.

Denne er framstiltt i tabel 4 for dei enkelte slag og aar. Saatida fraa aar til anna har lege millom 26. april (1921) og 17. mai (1915). I 1921 var det svert tidleg vaar, men aaret vart kleint so avlingstal og veksttid vantar.

For aa faa betre oversyn over veksttidene, er nedanfor fyreteke ei samanstilling, serskilt for kvar periode.

	Vekstdøgn				Vekstdøgn			
	1915—		1915—		1915—		1915—	
	1920	1924	1920	1924	1920	1924	1920	1924
<b>Halvseine slag:</b>								
1. Storm king . . . .	125	—	8. Duppauer . . . .	121	123	9. Snaasa . . . .	120	—
2. Svart skotsk . . . .	125	—	10. Tor . . . .	119	121	Tidlege slag:		
3. Grenader . . . .	125	128	11. Perle . . . .	114	116	12. Mesdag . . . .	109	111
4. Gullregn . . . .	124	127	13. Tysk myrhavre .	109	—			
5. Odin . . . .	124	127						
6. Klokke II . . . .	122	—						
7. Trønder . . . .	121	124						

Millom dei halvtidlege slag er det noko stor skilnad i medelveksttida, 6—7 dagar millom den tidlegaste av dei, Tor, og dei seinaste, Grenader, Odin og Gullregn.

Mesdag og Tysk myrhavre er dei tidlegaste slag, dei er vel 14 dagar tidlegare enn dei seinste av dei halvseine. Perle er 5 dagar seinare enn desse, og har ei medelveksttida paa 114 og 116 døgn i dei 2 periodar. For Odal- og Nidarhavren stiller veksttida seg slik for dei 3 aar dei har vore med, at Odal har ei vesktid som Odin o. fl. og Nidar kjem 3 dagar tidlegare enn Mesdag.

Reknar vi med ei medelsaattid t. d. 5. mai hjaa oss, skulde mogningstida for dei halvseine slag falla fraa 1. til 5. september, og for dei tidlege fraa 20. til 26. august. No har veksttida for slaga svinga svert mykje ettersom aaret har vore tidleg eller seint, men ikkje i noko av dei aar som er medteke i denne utgreidninga, er noko av dei halvseine slag hausta fyre 28. august (Tor). Av dei tidlege slag er Mesdag hausta tidlegast, nemlig 15. august (1918). Aa hausta havren fyrst i september, er ikkje seint paa fastmarksjord her hjaa oss, men paa Mæresmyra er det noko for seint, daa ei frostnat naarsomhelst kann koma aa skade kornet, og di mindre moge korn er, di meir skade tek det. Haustinga av dei seinste slag har dei fleste aar gaatt fyre seg i september og enkelte aar langt ut i maanaden. I seine aar har heller ikkje mogningsgraden vore tilfredsstillande, t. d. i slike aar som 1915, 1919, 1921 og 1923 har kornet vore noko grønt og kjerna lite fyldig og oftast skadd av frosten. Torshavren har altid vore betre. Veksttida for desse seinste slag vil i slike seine aar verkeleg vera noko lengre enn som opført i tabellen, skulde dei ha naat full mogning, men dei er vorte skorne for ikkje aa verta heilt øydelagde av frost. Daa mogningen av dei seinste slag som oftast gaar for seg under laagare temperatur enn for dei tidlege, vil skilnaden i serlege seine aar verta noko større enn rett er, her hjaa oss. Dei tidlege slag har dei aller fleste aar vore godt moge.

Til samanlikning skal refererast veksttiderne for Gullregn fraa fastmark ved Mære landbrukskole. Jorda der er ei leirhaldig morenejord med delvis godt moldinnhald i matjordlaget. I tida 1915—1924 (7 aar, daa 1919, 1920 og 1921 ikkje er med) har Gullregn der havt ei medel-veksttid paa 121 døgn, og paa myrjord dei same aar 127 døgn, ein skilnad paa 6 dagar som veksttida har vore stuttare paa fastmarksjord enn paa myrjord. Saatida har falle noko seinare paa fastmarka, men jorda har vore noko meir drivande, enn myrjorda. Jordbrukskolen og forsøksstasjonen er grannar.

### Legdeprocenten.

Denne er notera for kvart slag like fyre skurden etter ein skala fraa 0—4, slik at 0 segjer: *inga legde* og 4: *heil legde*. Desse tal er omrekna til pct. Etter desse noteringar har vi faat dei legdepct. som gaar fram av tabel 5. Det er som for tabel 4, utrekna 2 medeltal, for 1916—1920 og 1916—1924. 1915 og 1921 er ikkje med her, so dei medeltal som er utrekna er noko for gode, dersom alle aar var med. Baade 1915 og 1921 var svære legdeaar.

Tab. 5. Legdepct. for dei ymse havreslag i dei ymse aar.

Slag	1916	1917	1918	1919	1920	1922	1923	1924	1916—1920	1915—1924
Trønder . . . . .	100	10	100	100	0	25	100	90	62	66
Snaasa . . . . .	100	3	100	100	0	—	—	—	61	—
Gullregn . . . . .	0	0	25	13	0	15	90	50	8	24
Tor . . . . .	25	0	88	30	0	20	100	65	29	41
Odin . . . . .	25	3	50	63	0	10	100	55	28	38
Grenader . . . . .	0	0	0	0	0	0	90	5	0	12
Perle . . . . .	0	0	0	0	0	2	100	25	0	16
Duppauer . . . . .	63	0	90	50	0	15	100	90	40	51
Storm king . . . . .	0	0	50	38	0	—	—	—	18	—
Klokke II . . . . .	0	0	0	25	0	—	—	—	5	—
Svart skotsk . . . . .	0	0	0	25	0	—	—	—	5	—
Tysk myrhavre . . . . .	25	0	0	0	0	—	—	—	5	—
Mesdag . . . . .	25	0	25	13	c	0	90	0	13	20
Nidar . . . . .	—	—	—	—	—	0	90	30	—	(40)
Odal . . . . .	—	—	—	—	—	0	90	20	—	(33)

Dei straastivaste slag i aara 1916—1920 var Grenader og Perle med inga legde, dinest Klokke II, Svart skotsk og Tysk myrhavre med 5 % og Gullregn med 8 % legde. Dei minst straastive slag er Trønderhavren med ca. 60 % og Duppauer med 40 % legde. Odin og Torshavre er omlag like, med ca. 30 % legde. Det er svert liten legdepct. for ein del slag i desse aar, 1917 og 1920 var det aa segja

ikkje legde i havren, og dei andre aar, vesentleg for dei straasvakaste slag. Naar dei sissste 3 aar vert med, vert legdepct. noko større for dei slag som daa var med. Aaret 1923 var eit svert legdeaar. Grenader, Perle og Gullregn har framleides den laagste pct. legde, i same fylgd: 12, 16 og 24 % og elles er rekkefylgia den same, med Trønder som det straasvakaste slag, 66 % legde. Ser vi paa legdepct. for dei 2 trønderslag, Nidar og Trønder (Mære), har Nidar den minste legdepct. men han er likevel ikkje meire straastiv. Naar denne skilnaden i legdepct. kjem fram, er grunnen den at Nidar er ca. 14 dagar tidlegare, og vert soleis ikkje utsett for dei paakjenningar som alm. Trønder fær i tilfelle været vert ugunstigare ved seinare skurd.

At havreslaget er straastivt maa det leggjast stor vekt paa, naar det skal dyrkast paa myrjord. Kornet har lettare for aa gaa i legd her enn paa fastmarksjord, serleg naar myra er godt molda, daa kvævetilgangen paa slik myr er stor. Legg kornet seg tidleg, vil det ta lengre tid for aa naa fram til mogning, enn om det vert staande heile veksttida, og legdekorn vert lettare skadd av frost enn naar det ikkje er nedlagt.

### Hektolitervegt og spireprocent.

I tabel 6 er oppført hektolitervegt og spirepct. for dei ymse havreslag ein del aar. Desse undersøkingar er diverre ikkje so fullstendige som ynskjande kunde vera, daa ein heil del aar vantar. Hl.vegta er undersøkt paa kornet etter at det er treska paa piggtreskemaskin, og reinska paa vanleg blaasemaskin.

Tab. 6. *Hektolitervegt og spireprocent for dei ymse havreslag.*

Slag	Hektolitervegt kg.					Spireprocent							
	1919	1922	1923	1924	Medel-tal	1915	1916	1917	1919	1920	1922	1923	1924
Trønder . . .	41,5	46,0	37,1	42,5	41,8	20	100	78	27	69	90	30	98
Snaasa . . .	40,0	—	—	—	(40,0)	—	98	—	41	—	—	—	—
Gullregn . . .	44,0	51,2	39,5	51,3	46,5	—	95	—	35	—	88	18	95
Tor . . . .	48,5	47,7	40,5	45,0	45,4	—	99	—	84	—	99	45	93
Odin . . . .	42,0	49,8	39,0	49,2	45,0	—	98	—	26	—	86	17	93
Grenader . . .	40,0	48,0	39,3	50,3	44,4	—	100	—	18	—	79	17	90
Perle . . . .	50,0	47,8	39,8	51,3	47,0	—	100	—	86	—	88	60	99
Duppauer . . .	45,5	47,0	42,0	45,2	44,9	—	99	—	30	—	85	40	94
Storm King . . .	—	—	—	—	—	—	94	—	38	—	—	—	—
Klokke II . . .	43,0	—	—	—	(43,0)	—	99	—	39	—	—	—	—
Svart skotsk . .	45,0	—	—	—	(45,0)	—	96	—	44	—	—	—	—
Tysk myrhavre .	46,0	—	—	—	(46,0)	65	100	97	90	—	—	—	—
Mesdag . . . .	44,5	48,2	41,6	46,3	45,1	68	98	97	88	—	84	—	95
Yielder . . . .	42,0	—	—	—	(42,0)	—	—	—	—	—	—	—	—
Nidar . . . .	—	46,6	40,0	41,5	(42,7)	—	—	—	—	—	93	41	—
Odal . . . .	—	47,2	37,0	49,5	(44,6)	—	—	—	—	—	97	34	98

Hl.vegta for dei ymse slag vil variera etter den form kornet har, dessutan ogso etter vassinhald, om det har snerp eller ikkje, so hl.vekta kann ikkje brukast til samanlikning millom dei ymse slag sin kvalitet. Men om det enkelte slag si utvikling i dei enkelte aar, vil hl.vekta gje god oplysning.

I tabellen er hl.vegta fastsett for 4 aar, med dei fleste slag som er prøvd. 1922 og 1924 var gode kornaar her paa Mæresmyra. Alle slag sjølv dei seinste naadde full mogning. Hl.vegta for desse aar skulde so nokonlunde gje det rette forhold millom dei enkelte ved fullmogning.

Stiller ein saman hl.vektene for desse 2 aar, kjem Gullregn fyrst med 51,2 kg. dinæst Odin og Perle med 49,5 kg. so Grenader og Odal med 49,2 og 48,4 kg. Trønder og Nidar kjem laagast, med 44,3 og 44,1 kg. pr. hl. For dei 2 aar 1919 og 1923, vert rekkefylgia noko onnorleis. Desse aar var ugunstige for kornet, i serleg grad 1923. Dei seinste slag naadde ikkje til full utvikling, som og syner seg i hl.vektene. Tor og Perle har den høgste hl.vekt for desse aar, med 44,5 og 44,4 kg., so Duppauer og Mesdag med 43,7 og 43,1 kg. Gullregn, Odin, Grenader og Trønder kjem laagast, i same fylgd: 41,7, 40,5, 39,6 og 39,3 kg. pr. hl.

*Dei som minst varierar i hl.vegt fråa aar til anna med ulike vekstvilkaar er dei tidlege slag, her hjaa oss. Dei vil alltid naa betre mogning enn dei seine i dei daarlege kornaar.*

I tabel 7 er det gjort ei samanstilling av hl.vektene for nokre havreslag fråa fastmarksjord og myrjord. Fastmarka som slaga er dyrka paa er ei morenejord som ligg ca. 400 m. fråa forsøksstasjonen, og ca. 20 m. høgre enn myra. Av denne samanstilling vil gaa fram, at havren fråa fastmarksjord i medeltal har høgste hl.vegt enn fråa myrjord. Skilnaden er størst i daarlege kornaar t. d. 1923.

Tab. 7. *Hektolitervegt av nokre havreslag fråa fastmarksjord og myrjord 1922—1924.*

Slag	Fraa fastmark:				Fraa myrjord:			
	1922 kg.	1923 kg.	1924 kg.	Medel- tal kg.	1922 kg.	1923 kg.	1924 kg.	Medel- tal kg.
Grenader . . . . .	45,8	46,5	50,0	47,4	48,0	39,3	50,3	45,9
Odin . . . . .	46,9	46,8	52,5	48,8	49,8	39,0	49,2	46,0
Odal . . . . .	45,6	47,6	50,8	48,0	47,2	37,0	49,5	44,6
Duppauer . . . . .	45,8	46,6	51,0	47,8	47,0	42,0	45,2	44,7
Tor . . . . .	45,1	49,4	50,2	48,2	47,7	40,5	45,0	44,4
Perle . . . . .	46,9	51,6	52,2	50,2	47,8	38,8	51,3	46,0
Nidar . . . . .	44,2	47,6	47,5	46,4	46,6	40,0	41,5	42,7
Medeltal . . . . .	45,7	48,0	50,6	48,1	47,7	39,5	47,4	44,9

I dei andre 2 aar, 1922 og 1924, er denne skilnad ikkje so stor. Hl.vegta er større hjaa myrkornet enn fastmarkskornet i 1922, men i 1924 er det omvendt. Orsaka er den at halmutviklinga var noko ulik paa desse jorder i dei 2 aar. I 1922 hadde alle havreslag paa myrjorda stutt halm, so det var inga legde, medan det var sver halm-mengd og mykje legde hjaa fastmarkskornet. I 1924 var det omvendte tilfellet.

*Naar havren paa myrjord som regel har litt laagare hl.vegt enn havre fraa fastmark, so er vel hovudorsaken den, naar veksttida elles er lang nok, at kornet har lettare for aa gaa i legd paa myrjord, og vil daa ikkje opnaa so fullkommen mogning som naar det er staande.*

Undersøkingarne over spireeyna hjaa slaga er diverre og lite fullstendige. For ein del aar er det berre spirepct. hjaa enkelte slag som er undersøkt. Spireprøvorne er teke av same kornparti soin hl.vektene er fastsett etter, og er soleis ikkje skarpt sortera vare. Desse spireprøvor syner oss likevel at det er stor skilnad i spirepct. hjaa dei tidlege og halvseine havreslag. Skilnaden skriv seg fraa daarleg innberging og frostskade og begge desse ting saman, og som i serleg grad har gaatt ut over dei seine slaga. I dei 8 aar som er med i tabellen, har vi berre i 3 aar (1916, 1922 og 1924) faatt fullgodt saakorn av dei seine. Dei tidlege slag har gjeve god saavare i 6 av dei 8 aar, nemleg også i 1917, 1919 og 1920.

Spirepct. hjaa dei tidlege slag i 1919 er noko laag, 86, 88 og 90 for Perle, Mesdag og Tysk myrhavre, men med ei skarpare sortering vilde denne ha kome noko høgre. Berginga var daarleg for alle slag det aaret, attaat ei frostnatt paa  $\div 1,5^{\circ}\text{C}$ . den 27. august. Den 14. september var ei frostnatt paa  $\div 5^{\circ}\text{C}$ . som skadde dei halvseine slag, med undantak av Torshavre, som vart skore dagen fyrr, dei andre seine slag etter 14. september. Torshavre spira med 84 %, Trønder med 27 %, og denne skilnad er frostnatta for ein vesentleg del skuld i. I 1915 og 1923 var det baade frost og daarleg bering som skadde alle slag.

I tabel 8 er gjort ei samanstilling av spirepct. for nokre slag, og frostneter i august—september fyre haustinga av desse.

I 1916 har alle slaga vore lite utsett for frost. Den 13. august var det  $\div 0,5^{\circ}\text{C}$ . men det hat ikkje skadd noko, spirepct. ligg fraa 95 (Gullregn) til 100.

1919 er fyrr omtale noko, her skal berre nemnast at dei seinste slag vart utsett for 2 frostneter, den laagste paa  $\div 5^{\circ}\text{C}$ . natt til 14. september. Spirepct. ligg hjaa desse fraa 18 % (Grenader) til 35 % (Gullregn). Naar spireprocensen ligg so laagt, kjem det forutan av frosten, ogso av den daarlege bering som vart det aaret. Dessutan var kornet ikkje godt moge ved skurden, og daa gjer frosten større skade.

I 1922 vart Gullregn og Grenader seinast skore, og desse vart utsett for den hardaste frost, Gullregn  $\div 3^{\circ}$  og Grenader  $\div 4^{\circ}\text{C}$ .

Tab. 8. Samanstilling av spirepresent og frostneter i august—september  
fyrre haustinga av nokre havreslag

Slag	Spirepresent	Haustedato.	Frostneter $\div$ C° fyrre hausting av dei ymse slag i:						Ialt frostner aug.—sept. fyrre hausting	
			August		September		Antal	Laagste min. $\div$ C°	Dato	
			Antal	Laagste min. $\div$ C°	Antal	Laagste min. $\div$ C°				
Gullregn:	1916 . .	95 $\frac{28}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	35 $\frac{17}{9}$	2	1,5	27	1	5	19	3	
	1922 . .	88 $\frac{9}{9}$	I	1	17	1	3	9	2	
	1923 . .	18 $\frac{27}{9}$	2	1,5	18	4	4	27	6	
	1924 . .	95 $\frac{18}{9}$	O	—	—	1	1,5	6	1	
Thorshavre:	1916 . .	99 $\frac{28}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	84 $\frac{18}{9}$	2	1,5	27	0	—	—	—	2
	1922 . .	99 $\frac{4}{9}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	45 $\frac{19}{9}$	2	1,5	18	1	0,5	18	3	
	1924 . .	93 $\frac{27}{8}$	O	—	—	0	—	—	—	
Odinshavre:	1916 . .	98 $\frac{28}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	26 $\frac{17}{9}$	2	1,5	27	1	5	14	3	
	1922 . .	86 $\frac{8}{9}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	17 $\frac{27}{9}$	2	1,5	18	4	4	27	6	
	1924 . .	93 $\frac{18}{9}$	O	—	—	1	1,5	6	I	
Grenader:	1916 . .	100 $\frac{28}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	18 $\frac{18}{9}$	2	1,5	27	1	5	14	3	
	1922 . .	70 $\frac{10}{9}$	I	1	17	2	4	10	3	
	1923 . .	17 $\frac{27}{9}$	2	1,5	18	4	4	27	6	
	1924 . .	90 $\frac{18}{9}$	O	—	—	1	1,5	6	I	
Perle:	1916 . .	100 $\frac{20}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	86 $\frac{8}{9}$	2	1,5	27	0	—	—	—	2
	1922 . .	88 $\frac{20}{8}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	60 $\frac{11}{9}$	2	1,5	18	0	—	—	—	2
	1924 . .	99 $\frac{25}{8}$	O	—	—	0	—	—	—	
Duppauer:	1916 . .	99 $\frac{25}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	30 $\frac{17}{9}$	2	1,5	27	1	5	14	3	
	1922 . .	85 $\frac{4}{9}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	40 $\frac{22}{9}$	2	1,5	18	1	0,5	18	3	
	1924 . .	94 $\frac{6}{9}$	O	—	—	1	1,5	6	I	
Mesdag:	1916 . .	98 $\frac{18}{8}$	I	0,5	13	0	0	—	—	I
	1919 . .	88 $\frac{2}{9}$	2	1,5	27	0	—	—	—	2
	1922 . .	84 $\frac{25}{8}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	— $\frac{5}{9}$	2	1,5	18	0	—	—	—	2
	1924 . .	95 $\frac{25}{8}$	O	—	—	0	—	—	—	
Trønder:	1916 . .	100 $\frac{28}{8}$	I	0,5	13	0	—	—	—	I
	1919 . .	27 $\frac{17}{9}$	2	1,5	27	1	5	14	3	
	1922 . .	90 $\frac{6}{9}$	I	1	17	0	—	—	—	I
	1923 . .	30 $\frac{22}{9}$	2	1,5	18	1	0,5	18	3	
	1924 . .	98 $\frac{6}{9}$	O	—	—	1	1,5	6	I	

Spirecpt. for desse var 88 og 79. Dei andre slag, som berr fekk ei frotnatt paa  $\div 1^{\circ}$  C. har ein spirecpt. omkr. 90 (Torshavre 99). Dette aaret var berginga god, og alle slag vart godt moge.

Aaret 1923 var eit seint aar, men det var lite frost. Det fyrste havreslag vart skore 7. september og dei seinste 27. september. Den hardaste frotnatt var den 27. september og Gullregn, Odin og Grenader vart utsett for denne, spirecpt. var berre 17. Dei andre slag hadde ikkje hardare frotnatt enn  $\div 1^{\circ}$  C. hjaa desse er ikkje spirecpt. serleg høg heller, og er for Trønder, Duppauer og Tor i same fylgd: 30, 40 og 45 % for Perle 60 %. Naar spireevna er so laag dette aaret, ogso for dei slag som ikkje var utsett for nokon hard frost, so er den daarleg berging mest skuld i det. Dessutan var havren i 1923 daarlegere moge.

### Samandrag.

Kva havreslag ein bør velja til dyrking paa myrjord (grasmyr), maa retta seg etter dei vekstvilkaar det skal dyrkast under. Ofte ligg myrane slik til at dei er utsett for nattefrost, og for korn som skal staa til mogning, er det nattfosten sumar og haust som er den faarlege og som er avgjerande om ein i det heile kann dyrka korn paa myrjord. Ein maa under dei tilhøve stilla det krav til slaget:

at det vert moge so tidleg i vanlege gode aar at det ikke vert øydelagd av frost,

at det maa vera mest mogeleg straastivt, og dessutan so foldrikt som mogeleg i samband med dei andre eigenskapar.

Strastive slag er viktugare for myrjord enn for fastmarksjord.

Her paa Mæresmyra saar vi i dei fleste aar havren dei fyrste dagar av mai md. skal vi faa lang nok veksttid, og havren bør i vanlege aar vera skjær i sisste halvdel av august md. Frostfrei er slet ikkje august md. og det kann frysja i juli og, men det har vore meire sjeldan. Men nokon resiko fær ein ta. I slutten av august og i september vil det snart innfinne seg harde frostneter som vil skade kornet for mykje.

Dei ymse havreslag som er prøvd ved forsøksstasjonen faar difor ulikt verd alt etter som myrjorda er mykje, lite eller ikkje utsett for frost.

Under tilhøva her paa Mæresmyra har *Perlehavren* (Møystad 160) vist seg aa høva ganske godt. Han har i forsøka vaare havt ei medel-veksttid paa omkring 115 døgn, og har soleis vore 8—12 dagar tidlegare enn Trønder og Gullregn eller andre halyseine slag. Han er ikkje av dei foldrikaste men har i dei aller fleste aar naadd bra mogning og gjeve korn av god kvalitet. Han er av dei straastivaste slag som er prøvd, omlag som Gullregn, men har det tilsams med denne at han er noko lei aa faa halmturr. Perlehavren kann tilraadast aa verta dyrka paa myrjord som har liknande vekstvilkaar som her.

*Mesdag, Tysk myrhavre* og *Nidar* er enndaa tidlegare enn Perle, dei 2 fyrste 5 og Nidar 7 dagar tidlegare, men dei har gjeve litt mindre avling. Dei har som Perle naadd god mogning dei fleste av forsøksaara, men er mykje veikare i straaet enn denne. Dei 2 fyrste har svarte korn. Høver helst der Perle vert for sein.

*Torshavre* (Møystad 0207) har gjeve den største kornavling av alle slag som er prøvd i forsøksaara. Han har vist seg aa vera 2 dagar tidlegare enn vanleg Trønder og vi synest at han er noko for sein her paa Mæresmyra, sjølv om han i mange aar av forsøkstida har gjeve godt saakorn. Han er heller ikkje serleg straastiv. Torshavren kann passa betre paa mindre molda myrjord, og der resikoen for frost er enndaa mindre enn her. Det same kann gjelda *Duppauer* og *trønderslaga*.

*Gullregn, Odin* og *Grenader* har gjeve av dei største kornavlingar i gode aar, men daarlege i noko seine aar. Dei er for seine her, og vil lett verta frostskadde skal dei staa til dei vert godt mogne. Gullregn har staatt høgst i halmavling. Gullregn og Grenader har vore dei straastivaste slag av dei som er prøvd. I bl. med erter til grønnfor vil desse slag høve godt. Aa dyrka dei til mogning paa myrjord høver best der det er lengere frostfri veksttid enn her.

Dei andre slaga: *Storm king, Klokke II* (svartkorna) *Svart skotsk* og *Yielder* har ikkje synt nokon fyremun framfor dei nemde, at det er grunn til aa dyrka dei til mogning paa myrjord.

#### FORSØK MED ULIKE BYGGSLAG

Det er i forsøkstida 1915—1924 ialt samanlikna 13 byggslag, men alle desse slag har ikkje vore med heile denne tida. I heile forsøkstida (9 aar daa 1922 ikkje er med) har desse slag vore med: *Donnes, Asplund, Bamse* og *Maskinbygg\** (Møystad 077). I tida 1915—1921 dessutan *Trønder* (fraa Mære jordbrukskole) *Snaasa* (trønderstamme), *Bjarkøy, Trysil* og *Mjøsbygg\** (Møystad 08). Dei andre slag har vore med ei stuttare tid. *Gjølme* (trønderstamme) i 4, *Sørlibygg* 3, *Ørnes* og *Vegabygg* i 2 aar. Sørlibyget er fraa fjellbygda Sørli i Nord-Trøndelag, Ørnes er nordlandsbygg, motteke fraa forsøksgarden Voll ved Trondheim, og Vegabygg er svensk foredling.

#### Korn- og halmavling.

I tabel 9 er framstilt korn — og halmavling og veksttid for dei enkelte slag og aar. Det er her, som for havren, utrekna 2 medeltal paa grunn av den ulike tid slaga har vore med. Medeltala gjeld 1915—1921, og 1915—1924.

Av alle slag staar *Asplundbygget* med den høgste medelkornavling i begge desse bolkar, 247 kg. og 254 kg. pr. dekar. I 5 av dei 9

\*) Norsk foredling ved prof. dr. Christie.



Fig. 2. *Maskinnbygg 1915, ved Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon paa Mæresmyra.*

forsøksaar staar det høgst i kornavl, og det har gjeve jamt høge avlinger i alle aar, berre i 1920 var den laag, grunnen til dette var nemast den at jorda vart vel daarleg arbeidt, det vart horva paa halmstubben, daa det var nybrott aaret fyreat.

Dei andre halvseine byggslag har gjeve adskillig mindre medelavling enn Asplund. *Trønder* 225, *Mjøsbygg* 223 og *Snaasabygg* 214 kg. pr. dekar, eller i pct. i same fylgd: 9 %, 10 % og 13 % mindre. *Bamse* (halvtidleg) staar og langt tilbake for Asplund, og har i desse 2 periodar gjeve 206 og 215 kg. korn pr. dekar, eller 17 og 15 % mindre kornavl enn Asplund. *Trysilbygg* staar laagast i kornavling av alle som er prøvd i 1915—1921, og kjem med ein medelkornavl av 189 kg. pr. dekar.

Av dei *tidlege* byggslag er det *Maskin-* og *Dønnesbygg*, som staar best og kjem langt op imot Asplund. Maskin staar best av desse to i bolken 1915—1921, med 238 kg., Dønnes med 228 kg. korn pr. dekar. Men i heile forsøktida 1915—1924, staar Dønnes med 230 kg. og Maskin med 223 kg. pr. dekar. I samanlikning med Asplund staar Maskin med 4 % og 12 % mindre og Dønnes med 8 % og 10 % mindre kornavl pr. dekar i desse 2 bolkar.

Medan alle dei andre byggslag som var med i bolken 1915—

Tab. 9. Samanlikning mellom ymse byggslag ved Det Norske Myrselskaps Forsøksstasjon paa  
Marsmyra i aara 1915—1924. Korn, halmauling og vekstid.

Aar	Trønder			Dønnes			Bjarkøy			Asplund			Banse			Trysil			Mjosbygg (o8)		
	Kg. pr. maal	E Halm	Korn	Kg. pr. maal	E Halm	Korn	Kg. pr. maal	E Halm	Korn	Vekstdøgn Korn	Halm pr. maal	Vekstdøgn Korn	Halm pr. maal								
	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Halm	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Halm	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Korn	Vekstdøgn Halm													
1915	424	113	242	368	105	224	384	103	258	428	113	186	404	113	165	432	113	214	426	113	
1916	421	107	258	287	100	235	270	96	260	320	107	232	304	107	204	264	107	252	368	107	
1917	337	105	191	279	99	162	238	99	239	292	105	184	266	100	166	255	99	236	304	105	
1918	333	112	275	335	100	275	376	97	287	333	112	258	352	100	203	315	100	314	376	112	
1919	440	114	247	363	103	236	414	103	255	495	112	203	357	104	195	415	104	228	422	109	
1920	273	109	156	211	102	205	248	100	159	228	109	155	232	102	152	244	104	103	230	104	
1921	174	106	156	211	102	205	276	97	222	268	97	134	221	130	207	723	126	212	698	126	
1922	763	134	230	575	122	198	632	122	—	—	—	297	596	130	208	449	129	—	—	—	
1923	—	—	225	475	129	—	—	—	262	258	127	290	283	122	—	—	—	—	—	—	
1924	—	—	—	244	120	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	
Medeltal 1915—1921 (7 aar)	413	113	228	345	104	219	366	103	247	386	113	206	369	108	189	378	108	228	403	111	
Medeltal 1915—1924 (9 aar)	—	—	—	230	249	108	—	—	—	254	395	117	215	368	112	—	—	—	—	—	

Tab. 9 (forts.)

Aar	Maskinbygg (077)			Snaasa			Gjølme			Sørli			Ørnes			Vega		
	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm	Kg. pr. maal		Vekstdegn Halm
	Korn			Korn			Korn			Korn			Korn			Korn		
1915	235	381	107	206	402	112	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1916	238	282	96	237	304	107	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1917	209	281	99	207	273	105	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1918	324	406	101	254	356	112	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1919	254	366	105	223	402	112	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1920	173	214	104	147	240	109	135	305	109	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1921	236	584	123	226	704	134	184	746	135	195	465	116	—	—	—	—	—	—
1923	130*	570	117	—	—	—	236	550	138	164*	479	116	122*	498	116	156*	60	116
1924	212	161	121	—	—	—	285	222	122	240	227	117	207	206	116	210	203	121
Medeltal 1915— 1921 (7 aar)	238	359	105	214	392	113	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Medeltal 1915— 1924 (9 aar)	223	361	108	—	—	—	219	403	126	200	390	116	165	397	116	183	402	119

\*) Skadd av frost under blomminga.

1924 har gjeve større kornavl daa, enn i bolken 1915—1921, so er ikkje det tilfellet med Maskinbygget, det har gaatt noko tilbake. Avlingstala for dei to siste aar er smaa, serleg 1923. Dei fleste tidlege slag hadde liten avling det aar. Grunnen til den vesle avling hjaa dei tidlege slag er den, at under bløminga av dei innstrefte ei frostnatt paa  $\div 1,5^{\circ}$  C. (den 26. juli). Dei slag som blømde seinare, vart ikkje utsett for den skade. Aksa som var skadde vart tome for korn, og hadde ein brunleg farge. Avlingstala er likevel medteke, for utrekning av medeltal, men dette vert ikkje rett for det slaget som har vore utsett for den skade so tidleg, og staar for daarleg i forhold til dei som ikkje er skadd under bløminga. Resikoen for frostskade under bløming er sjølv sagt like stor for seine som for tidlege slag.

I dei 4 aar Gjølmebygg har vore med, staar det med 12 % mindre kornavling enn Asplund. Dei andre byggslag: Sørli, Ørnes og Vega, har enndaa vore med so stutt tid i forsøka, til aa syna kva dei duger til i kornavl. Dei er tidlege, og lei same lagnad som Maskin i 1923.

Bjarkøybygg har i medelavl 1915—1921 gjeve 219 kg. korn pr. dekar, eller 11 % mindre enn Asplund.

For oversynet skuld er nedanfor fyretete ei samanstilling etter avlingsstorleiken, og før daa denne rekkekelygja:

	Kg. korn pr. dekar:		
	1915— 1921	Pct.	1915— 1924
1. Asplund . . . . .	247	100	254
2. Maskin (Møystad 077) . . .	238	96	223
3. Dønnes . . . . .	228	92	230
4. Trønder . . . . .	225	91	—
5. Mjøsbygg (M. o8) . . .	223	90	—
6. Bjarkøy . . . . .	219	89	—
7. Snaasa . . . . .	214	87	—
8. Bamse . . . . .	206	84	215
9. Trysilbygg . . . . .	189	76	—

Gaar vi so langt tilbake som til 1910, er det berre 4 byggslag av dei som er nemt ovenfor som har vore med i alle aar fraa 1910—1921. Medelavlingen av korn i desse 12 aar stiller seg slik for desse slag:

Trønder . . . . .	236	kg. korn pr. dekar.	—	100 %.
Dønnes . . . . .	230	»	— » —	— 98 %.
Bjarkøy . . . . .	210	»	— » —	— 89 %.
Trysil . . . . .	199	»	— » —	— 84 %.

*Halmavlingen* og samhøvet millom korn og halm er framstilt nedanfor i medeltal og pct. i forsøksaara:

	Kg. halm pr. dekar:				
	1915— 1921	Pct.	Korn Halm	1915— 1924	Korn Halm
1. Trønder . . . . .	413	107	I : 1,84	—	
2. Mjøsbygg . . . . .	403	104	I : 1,81	—	
3. Snaasa . . . . .	392	102	I : 1,83	—	
4. Asplund . . . . .	386	100	I : 1,56	395	I : 1,56
5. Trysilbygg . . . . .	378	98	I : 2,00	—	
6. Bamse . . . . .	369	96	I : 1,79	368	I : 1,79
7. Bjarkøy . . . . .	366	95	I : 1,68	—	
8. Maskinbygg . . . . .	359	93	I : 1,51	361	I : 1,62
9. Dønnes . . . . .	345	90	I : 1,51	329	I : 1,51

Den største halmavling har dei halvseine byggslag gjeve, og av dei staar trønderslaga og Mjøsbygg høgst. Asplund, som er like sein som desse, inntek her ein serstilling, og staar heller nermare dei halvtidlege byggslaga i halmavling. Dei tidlege slag har minst halm, og minst av dei igjen har Dønnes og Maskin. Medelhalmavlingen for Asplund i 1915—1921 er 386 kg. vert denne sett til 100, so kjem Trønder, som har høgste halmavling, med 7 % høgre, og Dønnes, som har minste, med 10 % mindre halmavl enn Asplund.

Samhøvet millom korn- og halmavling er som regel vidast hjaa dei halvseine og halvtidlege byggslag, og ligg for desse fraa I : 1,8 til 2,00. Asplund staar her i klasse med dei tidlege slag, og ligg for desse fraa I : 1,5 til 1,7.

Det er fyrr peika paa at Maskinbygg (og andre tidlege byggslag) i 1923 gav liten kornavl paa grunn av frost under bløminga, men halmavlingen er normal for alle. For Maskinbygg er samhøvet millom korn og halm det aaret som I : 4,39, for Asplund er det same aaret som I : 2. Dette syner og at det er gale fat med kornavlingen til Maskinbygget det aaret.

### Veksttida.

Denne vil gaa fram av tab. 9 for dei enkelte aar og slag, og i medeltal. Saatida for byggslaga har mest alle aar falle saman med saainga av havren. Tidlegast er dei saadde i 1921, den 26. april, og seinast i 1917, den 17. mai. Medelveksttida for dei enkelte byggslag stiller seg slik i forsøksaara:

Halvseine slag:	1915—1921:	1915—1924:
Asplund . . . . .	113 vekstdøgn.	117 vekstdøgn.
Trønder . . . . .	113 —»—	— —»—

<i>Halvseine slag:</i>	1915—1921:	1915—1924:
Snaasabygg . . .	113 vekstdøgn.	— vekstdøgn.
Mjøsbygg . . .	111 —»—	— —»—
<i>Halvtidlege slag:</i>		
Bamse . . . .	108 —»—	112 —»—
Trysil . . . .	108 —»—	— —»—
<i>Tidlege slag:</i>		
Maskinbygg . . .	104 —»—	108 —»—
Dønnes . . . .	104 —»—	108 —»—
Bjarkøy . . . .	103 —»—	— —»—

Dei 2 siste aar har verka lengjande paa medelveksttida med 4 dagar for halvtidlege og halvseine slag, og 3 dagar for dei tidlege. Skilnaden i veksttid mellom dei ulike slag er 5 dagar mellom dei halvseine og halvtidlege og 3—5 dagar mellom dei halvtidlege og tidlege. Asplund og Trønderslaga er dei seinaste, med 113 vekstdøgn, og Mjøsbygg med 111 vekstdøgn i 1915—1921. Snaasabygget var halde for aa vera noko tidlegare enn vanleg Trønder, dette er og omtala under dei same havreslag, men som for havren er Snaasabygget heller ikkje kome direkte til forsøksstasjonen, men til ein gard i nabobygda til Sparbu, Sandvollan, og dyrka der nokre aar fyrr det kom inn i forsøka.

I samanlikning med havreslaga, har dei halvseine byggslag, som Asplund og Trønder omlag same veksttid som Perlehavren, og dei halvtidlege byggslag har nokonær den same veksttid som dei tidlege havreslag: Mesdag og Tysk myrhavre. Maskin- og Dønnesbygg har litt stuttare veksttid enn Nidarhavren.

Av tabellen vil gaa fram at veksttida har svinga mykje, alt etter som aara har vore, og for dei seine slag har det i seine aar vore noko mangefull mogning. Det gjeld slike aar som 1915, 1921, 1923 og noko 1924, enndaa siste aaret var eit godt kornaar, men bygg sortfeltet vart dette aaret svert tunnt og alle byggslag buska seg mykje utover sumaren og difor vart mogninga ujamn.

Gjølmebygg staar i veksttid litt seinare enn Asplund, og dei andre: Vega, Sørli og Ørnes er alle tidlege slag.

### Legdeprocent, hektolitervegt og spireprocent.

Legdeprocenten er notert paa same vis som for havre og resultatet er framstilt i tabel 10.

Bygg har i vaare forsøk stilt seg best økonomisk som dekksed ved attlegg til eng. Men skal ein faa god eng etter bygg, er det av stort verd aa ha eit straastivt byggslag, og det i høgre grad for myrjord enn for fastmarksjord. Det har lett for aa gaa i legde paa vel

Tab. 10. Legdeprocenten for byggslaga i dei ymse aar  
og i medeltal 1915—1923.

Slag	1916	1917	1918	1919	1920	1921	1923	1915—1921	1915—1923
Trønder . . . . .	63	13	63	75	0	75	—	48	—
Snaasabygg . . . . .	60	44	50	75	0	38	—	45	—
Asplund . . . . .	0	0	75	50	0	25	90	25	34
Mjøsbygg . . . . .	75	75	88	88	0	63	—	67	—
Bamse . . . . .	50	13	75	50	0	50	65	40	43
Trysil . . . . .	50	22	88	75	0	63	—	50	—
Maskinbygg . . . . .	38	50	38	63	0	44	80	39	45
Dønnes . . . . .	38	0	88	63	0	81	95	45	52
Bjarkøy . . . . .	25	5	100	88	0	94	—	52	—
Gjølme . . . . .	—	—	—	—	—	63	85	—	—
Sørli . . . . .	—	—	—	—	—	—	100	80	—
Ørnes . . . . .	—	—	—	—	—	—	80	—	—
Vegabygg . . . . .	—	—	—	—	—	—	95	—	—

molda myrjord, daa kvævetilgangen der er so rikeleg og veksttida her vert noko lengere.

Aara 1915 og 1924 er ikkje med i dette oversynet.

Asplund har i vaare forsøk vist seg aa vera det straastivaste byggslag, med 25 % legde i medel for 1916—1921 og 34 % naar aaret 1923 vert med. Daa det er av dei seinste byggslag har det soleis vore utsett for dei sterkeste paakjenningar av uheldig vær. Men naar Asplund vert nedlagt, so legg det seg temmeleg hardt nedtil. Maskinbygg kjem som nr. 2 med 39 og 45 % legde. Naar det legg seg, vil det som regel ikkje leggja seg so hardt nedtil jorda. Dette i samband med at det er noko bladfattigt, er vel grunnen til at det ikkje «røyter» so lett ut engfrøet som andre byggslag. I allefall har vi her ved forsøksstasjonen gjort den erfaring.

Bamse staar omlag likt med Maskinbygg, med 40 % legde, og dei andre byggslag med ein legdepcpt. som ligg fraa 45—52 (1916—1921), med undantak av Møsbygg, som har vore det minst straastive i same tid — 67 % legde.

Byggslaga Gjølme, Vega, Sørli og Ørnes har ikkje synt seg serleg straastive, men dei har enndaa vore med for stutt tid til at noko visst kann segjast om dette.

Hektolitervegta for byggslaga har vi undersøkt berre dei 2—3 siste aara. Det vil gaa fram av tabel 11 at denne ikkje er serleg høg, trass i at dei har naadd full mogning dei fleste av aara. Grunnen er den mangelfulle tining ein fær ved tresking paa vanleg piggtreskemaskin for handkraft, og dessutan kjem det til at ikkje alle byggslag har like lett for aa sleppa snerpet, so hl.vegta slaga i millom kann verta noko missvisande. Vegabygget har i dei to aar hatt den høgste hl.vegt, med

Tab. 11. *Hektolitervegt og spireprocent hjaa dei ymse byggslag i enkelte aar.*

Byggslag	Hl.vegt kg. i:			Spireprocent i:								
	1922	1923	1924	1915	1916	1917	1919	1920	1921	1923	1924	
Trønder . . . . .	—	—	—	70	98	—	67	—	—	—	—	—
Dønnes . . . . .	—	59,9	60,8	79	99	84	95	—	—	87	97	—
Bjarkøy . . . . .	—	—	—	82	100	—	96	—	—	—	—	—
Asplund . . . . .	64,9	59,7	61,3	68	92	92	72	55	75	57	91	—
Bamse . . . . .	—	61,2	60,7	77	99	—	90	—	—	87	93	—
Trysil . . . . .	—	—	—	73	94	—	96	—	—	—	—	—
Mjøsbygg (M. 08) . . . . .	—	—	—	—	99	—	90	—	—	—	—	—
Maskinbygg (M. 077) . . . . .	62,9	59,2	59,5	—	100	—	92	—	—	83	96	—
Snaasa . . . . .	—	—	—	—	—	—	72	—	—	—	—	—
Gjølme . . . . .	—	57,1	59,8	—	—	—	—	—	—	60	99	—
Vegabygg . . . . .	—	62,6	62,3	—	—	—	—	—	—	89	97	—
Sørli " . . . . .	—	54,8	58,3	—	—	—	—	—	—	76	94	—
Ørnes " . . . . .	—	57,7	56,5	—	—	—	—	—	—	87	94	—

62,3 kg. i medeltal, so Asplund og Bamse med 60,5 kg., Dønnes og Maskin 60,3 og 59,3, Sørli har den minste hl.vegt, med 56,6 kg.

Spireprocenten er undersøkt i 5 aar for dei fleste av byggslaga. Av dei aar som det ikkje er noko undersøking av spiringa, gav 1921 korn av simpel kvalitet, daa det var daarleg berging paa alle byggslag. I 1918, 1920 og 1922 var det god mogning og god berging av mest alle byggslaga. Hjaa Asplundbygg er spireevna prøvd i 1920 og 1922, det viser serleg i 1920 laag spirevne, og i 1922 var denne heller ikkje tilfredsstillande.

I dei aar spireevna er prøvd hjaa dei fleste byggslag, viser dei jamt over høgre medelspireprocent enn havren, som rimeleg er, daa dei vert tidlegare mogne, og difor ikkje i den grad som havren utsett for frost og daarleg bergingsvêr. Dei seinaste byggslaga har i enkelte aar vore so mykke skadde at dei var for daarleg til saakorn, det var tilfellet i 1915 og 1923. Ved aa samanlikna byggslag og havreslag med omlag same veksttid, syner det seg at havren har like so god spireevne som bygget i dei same aar. Asplundbygg og Perlehavre har nokonær same veksttid, men Perlehavre syner betre spireprocent enn Asplundbygget. For dei tidlegare bygg- og havreslag er det ingen so tydeleg skilnad. Forresten er dette forhold ikkje undersøkt noko enndaa.

Dei tidlege byggslag vil som regel alltid faa betre turk og innbergingsvêr enn dei seinare, og dermed faar kornet mindre vassinnhald og vert betre og lagra enn seinare byggslag.

Om frosten sin innverknad paa spireevna hjaa dei ymse byggslag, har vi ikkje noko vidare undersøkingar over, vi vil alltid faa verknaden av baade frost og daarleg bergingsvêr saman i desse dyrkings-

forsøk, og daa er det ikkje godt alltid aa avgjere kor mykje desse faktorar har innverka kvar for seg.

I 1915 var det i august 5 frostneter paa alle med undantak av Bjarkøy som fekk 4 frostneter. Laagste temp. var  $\div 3,5^{\circ}$  C. den 30. august for Bjarkøy  $\div 3^{\circ}$  C. den 11. august som og dei andre var utsett for. Spirepct. ligg fraa 70—80, og er høgst hjaa Bjarkøy, laagast hjaa Asplund. Dette aaret var det og daarleg berging attaat.

I 1916, 1917 og 1918 var ingen skadefrost paa kornet.

I 1919 var den 27. august ei frostnatt,  $\div 1,5^{\circ}$  C., Asplund, Trønder og Snaasa var daa ikkje skore. Spirepct. hjaa desse ligg omkring 70, dei andre fraa 90—96 %. Berginga var daarleg det aaret.

I 1923 var det den 18. august  $\div 1,5^{\circ}$  C. Ingen av byggslaga var daa skore. Den 18. september var det  $\div 0,5^{\circ}$  C. berre Gjølme stod daa att. Spireprocenten for dei tidlege og halvtidlege ligg fraa 80—90, for dei seinste: Asplund 57, Gjølme 60 %. Berginga var uvanleg daarleg det aaret, og dei seinste slag har lide mest av denne.

I 1924 maa spirepct. segjast aa vera tilfredsstillande hjaa alle slaga, etter den sortering vi kann faa ved vaar tresking og reinskning.

Av sjukdomar som kann ha vore paa byggslaga, skal nemnast at paa Dønnes og Maskinbygg har funnest noko *mjølauke* (*claviceps purpurea*). *Stripesjuke* (*Pleospora graminea*) har alle byggslaga vore utsett litt av i enkelte aar. Saakornet er beisa med formalin i 1918 og 1920. Asplund som var brukt utanom sortforsøket, synte seg aa vera noko mykje angrepe av stripesjuke i 1919, og i 1920 og 1921 vart fyreteke avsopping med varmt vatn til Asplundbygget. Dét vart i 1920 lagt eit lite forsøk for aa sjaa utslaget av denne avsoppinga, og resultatet av dette skal refererast her. Feltet var lagt paa godt molda myr i god kultur. Gjødslinga var: 20 kg. superfosfat, 40 kg. 20 % kalisalt og 10 kg. norgesalpeter. Utsed: 20 kg. pr. dekar. Avlingen stiller seg slik: pr. dekar:

	Korn:	Halm:
Avsoppa med varmt vatn . . . . .	351 kg.	420 kg.
Ikkje avsoppa . . . . .	307 »	488 »
Meiravl ved avsopping . . . . .	+44 kg.	+32 kg. Sum meiravl 76 kg.

Avsoppinga har auka avlingen med 14 % for kornet og 8 % for halmen. Aaret etter var det svert lite av stripesjuke i Asplundbygget. At det har lønt seg aa avsoppa er innlysande, og det viser kor naudsynleg det er aa passa saakornet for sjukdomar.

Fôranalyse over byggslag er ikkje vorte utført noko større av. For aaret 1918 ligg fyre analyseresultat for 3 byggslag: Trønder, Asplund og Dønnes, dessutan for kveite, rug og erter. Analysene er utført ved Statens kjemiske kontrollst. i Trondheim, og resultatet gaar fram av tabel 12.

Resultatet for eit aar segjer lite, og tabellen skal ikkje gjevast nokon vidare kommentar. Bygget er ikkje so proteinrikt, som ein kunne tru det vart paa myrjord. Asplund har det laagaste proteininnhald av dei tri byggslag og det høgste innhald av kvælefrie ekstrakt-eme.

Tab. 12. Fôranalyse over ein del kornslag for aaret 1918.

Kornslag	Vann	Aske	Feitt	Plantetrevar	Kvælefrie ekstrakt-eme	Protein	Samansetnaden av proteinet		Procent av proteinet			
							Melteleg eggkvite	Amider	Umelteleg protein	Melteleg eggkvite		
Trønderbygg 1918	15	2,15	1,69	4,19	64,96	12,01	9,28	1,07	1,66	77,27	8,90	13,82
Asplundbygg —	15	2,01	1,70	4,29	65,83	11,17	9,25	0,36	1,56	82,81	3,22	13,97
Dønnesbygg —	15	1,82	1,72	4,35	64,63	11,51	8,98	0,82	1,71	78,02	7,12	14,86
Lerdalkveite —	15	1,81	1,58	3,27	65,70	12,66	10,13	1,19	1,33	80,98	9,41	10,51
Snedingeerter —	15	2,19	1,05	6,18	52,25	23,33	20,08	2,43	0,32	86,07	10,41	3,52
Tronderrug 1919	15	1,61	1,65	2,88	67,33	11,55	9,60	0,80	1,15	83,12	6,93	9,95

### Samandrag.

Det som framanfor er halde fram ved val av havreslag gjeld og for bygget. For bygget sitt vedkomande maa det legjast serleg vekt paa at det er straastivt, daa det har vist seg mest økonomisk som dekksed ved attlegg til eng.

Bygget er ved vaare forsøk saadd paa same tid som havren, først i mai md. men i vanleg praksis vil det verta saadd noko seinare enn denne.

Av dei slag som er prøvd har *Maskinbygg* (Møystad 077) og *Dønnesbygg* vist seg aa passe godt etter tilhøva her. Dei staar ikkje høgst i avkastnad av korn, men er av dei fremste, i tida 1915—1921, med 4 % og 8 % mindre kornavl enn Asplund. Dei har gjeve korn med god spirepct. dei fleste av forsøksaara; vi har kvart aar nytta det til saakorn. Maskin har finare korn enn Dønnes, som har noko myrkare let. Dei har i forsøkstida 1915—1921 hatt ei medelrekstid av 104 døgn. Maskinbygg har vist seg noko straastivare enn Dønnes men begge eignar seg godt ved attlegg til eng, daa dei har litet halm. Etter den erfaring vi har av Maskinbygg som vi har dyrka utanom desse forsøk, synest det aa skada isainga svert lite, sjølv om det legg

seg heilt. Begge slag kann vi trygt tilraa aa dyrka paa myrjord under liknande vekstvilkår som her, gjerne og der den frostfri veksttid er litt stuttare.

*Asplundbygget* har gjeve den største kornavling av alle dei slag som er prøvd her, men i enkelte aar har det vanta noko paa aa vera godt moge, og har vist noko laag spireevne. Det har høg hl.-vegt. I forsøka vaare har det vore det mest straastive slag, og høver difor godt som dekksed til attlegg av eng. Vi tykkjer det er noko i seinste laget her, ca. 8 dagar seinare enn Maskin og Dønnes, og med omlag den same veksttid, (ved saaing paa same tid) som Perlehavre som vi har tilraadd. Daa bygg vil verta saadd litt seinare enn havre, vil mogninga falla omlag likt med den. Asplundbygget har vist noko daarlegare spireevne enn Perlehavre i dei aar det har knepe med mogninga og berginga har vore daarleg. Vi har i mange aar dyrka Asplund utanom sortforsøka, og det har dei fleste aar gaatt bra, naar ein berre ikkje er redd for aa saa tidleg. Men naar ein har so pass gode tidlege slag som Maskin og Dønnes, so er det mindre grunn til aa dyrka Asplund der resikoen for frost maa takast med i rekneskapet, sjølv om det her har synt høgre kornavling. Difor bør det tilraadast aa dyrkast der det er noko lengre frostfri veksttid enn her.

*Bjarkey, Sørli, Ørnes* og *Vegabygg* er alle tidlege byggslag, Vega som Maskin og dei andre 2—3 dagar tidlegare enn Maskin. Dei trisissste er enndaa for litet prøvd. Bjarkøy har gjeve 11 % mindre enn Asplund og 7 % mindre kornavl enn Maskin. Det har litt meire halm, men større legdepct. enn Maskin og Dønnes. Slaget høver der dei treng enndaa tidlegare slag enn Maskin og Dønnes.

*Trønder* (Mære), *Snaasa*, *Gjølme* og *Mjøsbygg* (Møystad 08) har alle gjeve ganske god kornavkastnad, men mindre enn baade Asplund, Maskin og Dønnes. Dei har gjeve den største avling av halm, av dei prøvde slag, har stor legdeprocent, (størst hjaa Mjøsbygg) og høver ikkje godt som dekksed ved attlegg til eng. Dei kann ikkje tilraadast til dyrking paa myrjord som er godt molda og som ligg frostnemt til. Skal ein dyrke nokon av deim for aa faa meire halm, bør ein leggja det til mindre molda myrjord og paa stader der resikoen for frost er mindre enn her. *Bamse* og *Trysil* har ikkje synt nokon fyremun framfor dei nemde i vaare forsøk, so det er ingen grunn til aa tilraa aa dyrka dei.

---

Naar bygg har vist seg sikrare enn havre paa myrjord, er vel grunnen den, at dei slag som er dyrka er tidlegare enn dei vanlege havreslag, og derved naadd betre mogning og berging enn desse; men ved val av tidlege havreslag, slag som passar for veksttida som staar til raads, so er havre likeso sikker som bygg. Men paa grunn av at ein daa maa velje millom dei tidlegaste havreslag, vil dei som regel gje noko mindre avkastnad enn byggslaget av same veksttid.

---